

RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGERDato: 05.04.2019
Vår ref.: 2019/3603-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Att. Kjartan Medaas

Mellombels fråsegn og varsel om kulturhistorisk synfaring – gnr. 44, bnr. 16 - Søknad om dispensasjon - Ny grunneigedom for heilårsbustad - Mangersneset - Radøy kommune

Me viser til brev dagsett 21.03.2019 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt mynde innan kulturminnevern.

Ut frå våre arkiv er det ikkje kjente automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor det aktuelle arealet, men delar av området har typografiske trekk som gjer at det er potensial for nye funn frå steinalder. Det er difor naudsynt med ei synfaring før me kan gje fråsegn til tiltaket. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er påkravd med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova §§ 3 og 11. Synfaringa vil bli gjort så raskt som råd.

Hordaland fylkeskommune ber om at kommunen ikkje fattar vedtak i saka, før me har gjeve endeleg kulturminnefagleg fråsegn.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservatorSigrun Wølsted
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.